

# RAPPORT

## Røldal stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



## Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Grunnmur	5
Tak	5
Tjærebreiing	5
Andre tiltak	5
Samandrag	6
Litteratur og kjelder	7
Kronologisk arbeidsprosess	7

### Røldal stavkyrkje

Dokumentasjon av  
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016  
[www.ra.no](http://www.ra.no)

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med  
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med  
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til  
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale  
kan medføre erstatningskrav og inndraging  
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:  
Leif Anker, Riksantikvaren

# Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

## KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av


tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

## LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

## BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



**Kyrkerommet:** Renaissanceinteriøret i kyrkja. Foto: Leif Anker, Riksantikvarens arkiv.

# Røldal stavkyrkje

## BYGNINGSBESKRIVING

Røldal stavkyrkje, frå 1200-talet, ligg i bygda Røldal i Odda kommune i Hordaland. Kyrkja er opphavleg bygd som ei einskipa kyrkje med same breidde på kor og skip. Kyrkja er ganske annleis i konstruksjonen enn dei andre stavkyrkjene, og det har vore diskutert om dette

er ei stavkyrkje eller om den faktisk er ei av dei langt eldre stolpekyrkjene. Rundt kyrkja har det tidlegare vore svalgang. Ein gang på 1600-talet fekk skipet himling og kyrkja fekk nytt inventar. Under ombygginga i 1844 vart skipet utvida mot vest og gjort høgare med ei ny himling. Veggane vart samstundes kledd med bord både ute og inne. I tidsrommet 1915-1918 gjekk kyrkja gjennom ei omfattande ombygging og restaurering. Bordkledninga frå 1800-talet vart fjerna og renaissanceinteriøret vart restaurert. Det vart og bygd ein ny svalgang rundt kyrkja for å beskytte veggborda.

Mesteparten av den opphavlege konstruksjonen i skipet og koret er bevart, det same gjeld takkonstruksjonen over skip og kor. Delar av sydportalen er òg opphavleg. Kyrkja har eit krusifiks frå 1200-talet som heng over opninga i koret. Døypefonten er av kleberstein og datert til 12- 1300-talet. Røldal stavkyrkje er frå gammalt av en votivkyrkje, det vil seie at den tok imot store gåver frå mange av pilegrimane som valfarta til kyrkja. Kyrkja er best kjend for mellomalderkrusifikset, som i fylgje legenda får sveittedråpar i panna ved sommarsolkverv.

## TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Ved synfaring av kyrkja vart ho funne i generelt god stand. Det var ikkje naudsynt med større tiltak eller utbetringar. Det var naudsynt med ei utbetring av grunnmuren på nordsida av kyrkja, samt tettting for vinden som trengjer inn i kyrkja. Utover dette var det ei rekkje små reparasjonar som måtte gjennomførast.<sup>1</sup>

## VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

### GRUNNMUR

På nordsida av kyrkja har dei ytre steinane i grunnmuren sklidd ut. Orsaka kan vere at terrenget er flatt og at vatn vert ståande i grunnen. Muren har tidlegare vore forsøkt utbetra med betong utan at dette har medført noko merkbar utbetring av forholda. Ein har no fått skyvd steinane i muren på plass.

### TAK

Det var naudsynt med visse utbetringar i taket på kyrkja. Ein del møne- og vassbord var i dårleg stand og vart difor skifta ut med nye med tilsvarande dimensjon. Det vart nytta tettvokse malma furu til virke. I utgangspunktet vart det nytta spikar til dette arbeidet, men ved visse høve, der det er fare for å påføre skadar på grunn av vibrasjonar, vart det nytta skruar. Nytt materiale vart behandla med tjære. Under dei fleste møneborda ligg det sinkbeslag. I samband med



**Inngangspartiet:** Kyrkja slik ein møter ho ved hovudinngangen i vest. Foto: Leif Anker, Riksantikvarens arkiv.

utskiftinga av møneborda vart det lagt sinkbeslag der dette mangla. Dei nye beslaga vart utforma som dei eksisterande. Vidare vart manglande skifer i takflata erstatta med tilsvarande, og skadd skifer vart bytta ut. 2 I tillegg vart det laga nye krossar til taket.



**Vinter:** Kyrkja slik ein møter ho vintertid. Foto: Einar Karlsen, Riksantikvarens arkiv.

### **TJÆRING**

Sydsida av kyrkja hadde behov for tjæring og vart tjærebreidd med milebrend tjære.

### **KYRKJEKUNST OG INVENTAR**

Kyrkjekunsten og inventaret i kyrkja vart tilstandsregistrert. Kunsten og inventaret hadde eit skadebilete som medførte at ein valde å *ikkje* gjennomføre noko tiltak.<sup>3</sup>

### **ANDRE TILTAK**

Blyglasvindaugget på sydsida av kyrkja var i dårleg stand og vart difor utbetra av glasmeister. I tillegg vart døra mot vest i kyrkja sett i stand.

### **SAMANDRAG**

Røldal stavkyrkje er datert til 1200-talet. Kyrkja er opphavleg bygd med same breidde på kor og skip. På 1600-talet fekk skipet himling og kyrkja fekk nytt inventar. I 1844 vart skipet utvida mot vest og gjort høgare med ei ny himling, samt at veggane vart kledde med bord både ute og inne og kyrkja fekk eit mindre kor. Dagens utsjånad av kyrkjerommet er eit resultat av ei omfattande ombygging og restaurering i perioden 1915-1918.

Gjennom stavkyrkjeprogrammet vart det i 2015 gjennomført ei rekke små utbetringar ved kyrkja. Skadd bordkledning vart skift, i tillegg til at skadd skifer på taket vart bytta ut og nye sinkbeslag vart montert. Grunnmuren til kyrkja mot nord vart utbetra og kyrkjekunsten er tilstandsregistrert.

## LITTERATUR OG KJELDER

### LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

### RAPPORTAR

Stein, Mille. *Rapport Kunst og inventar 72/2006*  
*Tilstandsregistrering av kunst og inventar i fire stavkirker: Røldal, Eidsborg, Heddal og Høyjord, 2006.*

Marumsrud, Hans. *Rapport frå befarung i Røldal stavkirke, November 2007, 2007.*

**Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.**

### FOTNOTAR

---

<sup>1</sup> Stein, Mille. *Rapport Kunst og inventar 72/2006*  
*Tilstandsregistrering av kunst og inventar i fire stavkirker: Røldal, Eidsborg, Heddal og Høyjord, 2006.*

<sup>2</sup> Marumsrud, Hans. *Rapport frå befarung i Røldal stavkirke, November 2007, 2007.*

<sup>3</sup> Ibid.

